

Planprogram

Regional plan for senterstruktur og berekraftige
lokalsamfunn

Vedtatt i fylkesutvalet 19.10.22



Vestland
fylkeskommune

Innhold

1. Innleiing.....	3
1.1 Kva er dette dokumentet?	3
1.2 Kvifor gjer vi dette?	4
1.3 Kva ynskjer vi å oppnå?	6
2. Plantema.....	7
2.1. Senterstruktur	8
2.2 Utbyggingsmønster og arealbruk	9
2.3 Lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod.....	10
2.4 Kvalitet av omgjevnader.....	11
2.5 Bustadpolitikk.....	12
2.6 Barn og unge – trivsel og tilhøyrsel	13
3. Planstruktur	14
4. Medverknad	15
5. Framdriftsplan	17
6. Organisering av planprosessen.....	18
7. Utgreiingsbehov.....	19
8. Rammer for planarbeidet.....	20

Framsidefoto: Anne-Kathrine Vabø

1. Innleiing

Vestlandet har sitt eige karakteristiske mønster av tett- og spreidd bygde strøk, byar, småbyar og bygder som er vaks fram gjennom historia. Hierarki og arbeidsdeling mellom ulike storleiker av tettstader¹ og omland har alltid hatt stor betydning for regionen si utvikling og konkurransekraft, og for innbyggjarane sin tilgang til goder og tenester. Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn² skal gje retning og setje mål for utviklinga av dette mønsteret vidare, slik at det gagnar samfunnsutviklinga i den einskilde kommune og regionen som heilskap. Ny fylkes- og kommunestruktur og endra utfordringsbilete skaper behov for ei samordna og heilskapleg tilnærming til utvikling, lokalisering og kvalitet.

Lokalsamfunna er berebjelkane i ei berekraftig, regional utvikling av samfunnet. Dei er ramma rundt innbyggjarane og næringsdrivande sin kvar dag og verksemd, og dei viktigaste arenaene for inkludering og samfunnsdeltaking. I lokalsamfunna møtes alle sektorar og forvaltningsnivå. Difor er dette den viktigaste arenaen for samordna, målretta innsats når det gjeld berekraftsarbeid og berekraftsmåla. Lokale myndigheter sine oppgåver knyter seg til heile bredda i måla: veg, vatn og anna infrastruktur, folkehelse, miljø, klima, stadutvikling, oppvekst, opplæring, kultur, verdiskaping, inkludering, rettferd og demokrati – og ikkje minst samarbeid.

Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn er ein arena for å diskutere og verte einig om korleis vi med samla innsats kan få dette til.

1.1 Kva er dette dokumentet?

Dette dokumentet er eit planprogram, ein “plan for planen”. Plan og bygningslova stiller krav om at alle regionale planarbeid skal ha planprogram og at det skal leggast ut til høyring og offentleg ettersyn. Gjennom å gje innspel til planprogrammet kan innbyggjarar, kommunar, statlege organ og andre samfunnsaktørar vere med på å utvikle planen heilt frå byrjinga av.

(Fylkesutvalet vedtok å leggje planprogrammet på høyring i møte 21.06.2022 (oppdaterast ved vedtak).

Eit planprogram skal gjere greie for følgjande punkt

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltaking
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreiingar
- Eventuelle alternativ som vert vurdert

¹ Ei hussamling skal bli registrert som tettstad dersom det bur minst 200 personar der. Avstanden mellom husa skal normalt ikkje overstige 50 meter, men for nokre arealkrevjande bygningstypar som bustadblokker, industribyg, kontor/forretningsbygg, skular, sjukhus osv. kan avstanden auka til 200 meter. Tilgrensande bygde og opparbeida område, som parkar, idrettsanlegg og industriområde, skal være ein del av tettstaden. Husklyngjer med minst 5 næringsbygg eller 5 bustadbygg blir tatt med inntil ein avstand på 400 meter frå tettstadkjerna. Det er tillat med eit skjønnsmessig avvik ut over 50 meter mellom husa i område som ikkje skal eller kan byggjast. Dette kan f.eks være parkar, idrettsanlegg, industriområde eller naturlege hindringar som elvar eller dyrkbare område. Husklyngjer som naturleg høyrer med til tettstaden blir tatt med inntil ein avstand på 400 meter frå tettstadkjerna. (SSB.no)

² Lokalsamfunnomsaget handler om ein sosial struktur, eit geografisk område, ei fysisk form, ein administrativ storleik, ei verdinemning. Alle desse forståingane og mange fleire, er relevante for arbeidet med senterutvikling

1.2 Kvifor gjer vi dette?

Utviklingsplan for Vestland- berekraftig samfunnsutvikling

Fylkestinget har vedteke ei regional planstrategi for samfunnsutvikling i Vestland. Fylkeskommunen skal, som regional planmynde, utarbeide regionale planar for dei tema som er fastsett i planstrategien (utviklingsplan) (tbl. § 8-1).


I utviklingsplanen vert det peika på behov for ein ny regional plan for senterstruktur for Vestland

Ein ny regional plan for senterstruktur for Vestland er eit viktig strategisk verktøy for å legge til rette ein balansert vekst og helsefremjande lokalsamfunn i heile fylket. Planen skal samordne lokalisering av bustader, arbeidsplassar, tenester, service og handel. Eit viktig mål er å peike ut regionsenter som skal vere motor og drivkraft i sine omland, og bidra til verdiskaping og konkurranseskraft, sterke bu- og arbeidsmarknader, og utjamning av sosial og økonomisk ulikskap. Ei tenleg arbeidsdeling mellom senter med ulik storleik og funksjon, vil bidra til ei berekraftig og konkurransedyktig samfunnsutvikling, og gjere det mogleg å drive næring og leve gode liv i heile fylket.

Utviklingsplanen har definert fire hovudmål for utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. FN (forente nasjoner) sine 17 berekraftsmål skal vere ein raud tråd i samfunnsutviklinga. Måla får fram korleis miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar ved berekraft heng tett saman og påverkar kvarandre. Når ein set måla i samanheng kan det oppstå sterke synergieeffektar. På den andre sida kan det oppstå interessekonfliktar. Planlegging er eit reiskap for å skape kunnskap om desse samanhengane som grunnlag for fagleg avvegning og politiske prioriteringar.

Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn er tverrsektoriell. Den femner om alle fire mål i utviklingsplanen og alle 17 berekraftsmål. Prinsippet om at ingen skal utelataast er ei gjennomgåande akse i den regionale planen. Planen skal gje eit felles grunnlag for heilskapleg og samordna innsats frå alle offentlege sektorar og forvaltningsnivå og privat sektor. Dette er i tråd med berekraftsmål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn, som er eit paraplymål for alle dei andre berekraftsmåla. Det viktigaste verktøyet er samarbeid og samskaping. Berekraftsmål nr. 17, samarbeid for å nå måla er nøkkelen.

Planen skal leggast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen (§ 8-2) For at planen skal gje resultat må alle aktørane forplikte seg til og samarbeide om tiltak i handlingsprogrammet



Figur 1 Måla i Utviklingsplan for Vestland og Vestland sin berekraftsmodell synleggjer at miljømessig berekraft er eit premiss for sosial berekraft, som igjen er eit premiss for økonomisk berekraft.

Gjennomgåande omsyn

Regional plan skal femne om dei tre berekraftsdimensjonane sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Gjennomgåande omsyn i planlegginga skal inkluderast i alle plantema, og skal liggja som premiss for korleis vi arbeider med planen. Livskvalitet, inkludering, velferd og like moglegheiter, folkehelse, klima og miljø, økosystem og biologisk mangfald er slike omsyn, og dei er difor ikkje eigne plantema. Denne planen skal samhandle med andre planar, og har eit særskilt ansvar for at dei ulike regionale planane vert sett i samanheng gjennom utvikling av lokalsamfunna.

Ein plan for heile Vestland

Kommunane i Vestland har ulike fortrinn og utfordringar. Den regionale planen skal bidra til å skape kunnskap om desse forskjellane og støtte opp under samfunnsutviklinga i alle delar av fylket.

Vestland fylke har vore gjennom ei regionreform og ei kommunereform, som gjer at rammer og føresetnadnar for utvikling er endra. I tillegg vert også Vestland påverka av globale megatrendar. Dette gjev endra utfordrings- og moglehetsbilete. Den beste strategien for å møte dette på er å byggje vidare på lokale fortrinn og moglegheiter, samstundes som vi styrker bevissttheita om korleis lokalsamfunnsutviklinga i dag er knytt tett saman med eksterne drivkrefter og globale forhold..

Vestland er i hovudsak eit spreidd utbygd fylke der mange innbyggjarar og næringsliv har lang reisetid til viktige tilbod og tenester, og der sentrale funksjonar i hovudsak er lokaliser i svært små tettstader og bygdebyar³. Vi er eit utprega bygdebyfylke med ein fåtal småbyar og ein storbyregion-Bergensområdet. Kommunane har ujamn folketals- og næringsutvikling, og det skjer ei sentralisering av folk, kompetanse og investeringar mot dei største og mest sentrale stadene. I nokre delar av fylket gjev dette vekst i folketal og tilbod, og demografien er balansert mellom aldersgrupper og kjønn. Vekst gjev kraft og innovasjon, men kan òg gje utfordringar med å halde takten i å oppgradere infrastruktur og sikre kvalitet i dei fysiske omgjevnadene. Andre stader minkar folketal og tilbod. Mangel på vekst kan føre til utfordringar knytt til kompetanse, demografi, og endra teneste- og bustadbehov. Men, det kan og opne opp andre moglegheiter og gje nyskaping og utvikling. Denne planen skal gje retning,

³ Mellomstore byregionar (tettstad 15 000-50 000 innbyggjarar), Småbyregionar (tettstad 5000 – 15 000 innbyggjarar), Bygdeby/småsenterregionar (tettstad 1000 – 5000 innbyggjarar) Kjelde: SSB.no.

koordinere og inspirere til berekraftig utvikling i kommunar både med og utan vekst -for lokalsamfunn i alle målestokkar, i alle delar av fylket.

Bergen har ei særleg rolle som fylkessenter med spesialiserte tilbod til heile regionen. Eit sentralt tyngdepunkt i form av en storby, forsterker moglegheita for å utvikle synergiar og vekselverknader innanfor fleire område av samfunnsutviklinga. Senterstruktur og mål for utviklinga er fastsett gjennom vedteken regional areal og transportplan for Bergensområdet. Eit sentralt mål er nullvekst i personbiltransporten. Denne planen er vidareført i utviklingsplanen, og planarbeidet vidare skal avklare korleis dei to planane vil samverke

1.3 Kva ynskjer vi å oppnå?

Med utgangspunkt i den eksisterande regionsenterstrukturen i Vestland skal planarbeidet avklare ein langsiktig regional senterstruktur som gjev føreseielege rammer og felles grunnlag for avgjelder om lokalisering, investering og prioritert innsats. Konkret betyr dette å peike ut tettstadar som skal vere regionsenter⁴ og som skal fylle behovet for viktige tilbod til innbyggjarane innanfor eit større omland. Det kan vere eitt regionsenter for fleire omlandskommunar, eller i nokre tilfelle berre for ein kommune avhengig av folketal og reisemønster. Omlanda skapar på si side marknad til funksjonane i senteret. Planen skal peike ut ein regional senterstruktur som kan gje grunnlag for berekraftig utvikling, og gjere det mogleg å drive næring og leve gode liv i heile fylket. Den skal bidra til å samordne lokalisering av bustader, arbeidsplassar, offentlege tenester og handel med service og varer, utvikling av transport og kollektivknutepunkt og bidra til kvalitet i dei bygde omgjevnadane våre. Senterstruktur og utbyggingsmønster bidreg til berekraftig arealbruk, reduksjon av klimagassutslepp og trygge og robuste samfunn. Barn og unge er framtida, og å fremje trivsel og tilhøyrsla for denne gruppa i tettstadane våre er vesentleg for berekrafa i regionane og i fylket.

Den regionale planen skal samordne og styrke heilskapen i senterstrukturen som utgangspunkt for framtidig statleg, regional og kommunal politikk i Vestland.

Kommunane kan etter behov etablere ein meir finmaska struktur som fyller lokale behov innanfor eit mindre omland i si planlegging.

⁴ Regionsenter: Tettstader gjerne mellom 1000-50000 innbyggjarar med senterfunksjonar i ein bu- og arbeidsmarknadsregion, og der midlere ordens tenester innan helse/omsorg, vidaregående utdanning, handel og transport m.v. er lokaliserte. Dette kan omfatta typisk mellomstore byar (15-50.000 innb.), småbyar (5-15,000 innb.), samt bygdebyar (1-5.000 innb.) med regionsenterfunksjon

2. Plantema


Plantema er område som vi skal prioritere brei innsats mot dei neste 12 åra. Det er difor viktig at temaa er overordna, sektoroverskridande og relevante for heile planperioden samstundes som dei kan operasjonaliserast i konkret handling og utforming av tiltak dei neste åra.

Det er peika ut seks breie og tverrsektorielle innsatsområde som plantema. Desse er foreslått med grunnlag i mål og strategiar i utviklingsplanen, kunnskap som er henta frå utfordringsnotat til utviklingsplanen, erfaringar frå kommunane sin bruk og måloppnåing i gjeldande planar, inkludert ønskje til fokusområde i ny plan, samhandlingsmøte med ulike fagområde i fylkeskommunen og med Statsforvaltar og Vegvesenet.


Planarbeidet skal ta føre seg samanhengar, målkonfliktar og synergieffektar på tvers av plantema. Temaa heng tett saman men vert løfta fram som ulike innsatsområde mellom anna fordi dei krev ulike verkemiddel, og har ulike vinklingar som gjer samanhengar, motsetnader og synergiar betre opplyst.

Planprogrammet føreslår følgjande føremål og plantema ved utarbeiding av planen.

Føremålet med planen er å peike ut ein regional senterstruktur som legg til rette for ei balansert utvikling og berekraftige lokalsamfunn i heile fylket.



2.1. Senterstruktur



Eit regionsenter er ein tettstad i ein bu- og arbeidsmarknad region (BA), som gjennom regional plan vert peika ut som eit knutepunkt for viktige funksjonar og tenester for fleire omlandskommunar, eller i nokre høve berre ein kommune. Regionsenter kan variere mykje i storleik (1.000- om lag 30.000), i høve kva roller og funksjonar dei har, og når det gjeld omlandet si utstrekning.

Folketalet i omlandet må likevel ha ei viss storleik. Eit regionsenter kan tilby fleire og meir spesialiserte tenester, enn eit meir lokalt senter for ein kommune eller del av kommune.

Dei gjeldande planane for dei to tidlegare fylka; tettstadstrategi for Sogn og Fjordane og regional plan for attraktive senter i Hordaland definerer dagens regionsenter. Den nye senterstrukturen bygger i hovudtrekk vidare på dei regionsentra. Dei gjeldande planane for dei to tidlegare fylka; tettstadstrategi for Sogn og Fjordane og regional plan for attraktive senter i Hordaland definerer dagens regionsenter.

I Hordaland: Knarvik, Vossevangen, Straume, Kleppestø, Osøyo, Norheimsund, Odda, Leirvik, Husnes, Indre Arna. Bergen er definert som fylkessenter.

I Sogn og Fjordane: Florø, Sogndal, Måløy (1/4) , Nordfjord (1/4) , Stryn (1/4), Sandane (1/4), Bu-, arbeids- og servicesenter (BAS): Øvre Årdal, Høyanger, Dale. Førde er definert som fylkessenter.

Sterke og attraktive regionsenter kan verke som motorar i regionane og gjere det mogleg å arbeide og bu i alle deler av fylket. Kraftfulle regionsenter kan og vere viktig i ein strategi for å motverke negative effektar av sentralisering, og kan stimulere til verdiskaping og konkurransekraft. I regionsentra skal det finnast spesialiserte offentlege tenester, handel med varer, tenester og service som innbyggjarane ikkje treng til dagen. Sentera er knutepunkt i kollektivnettet og er viktige for kulturtilbod. I omlandet bur mange av innbyggjarane, og det er viktige område for landbruk, reiselivsnæring og industri, og ofte for rekreasjon og friluftsliv. Grunnleggande kommunale tenester og lokale handelstilbod skal finst nær der folk bur, anten det er i senter eller omland. Grunnleggande kommunale tenester og lokale handelstilbod skal lokaliserast her- nær der folk bur. På denne måten er regionsentra og omland gjensidig avhengig av kvarandre, og styrkar kvarandre si utvikling og funksjon. Dette fordrar eit godt samarbeidsklima mellom senter og omlandskommunane, og at samarbeidet er basert på likeverd mellom kommunar uavhengig av storleik og sentralitet.

Ein står overfor fleire utviklingstrekk knytt til teknologiutvikling og infrastrukturutbygging som påverkar jobbmogleigheter, handel og tenester si rekkevidde og fysiske lokalisering. Dette vil påverke arbeids- og bustadmønster og etablerte senterstrukturar. Det kan og påverke arbeidsdelinga mellom senter, og senter og omland. Pandemien og utviklinga innanfor IKT har opna mogleigheter for å kunne bu i større avstand frå jobben innanfor ein del yrker. Fleire nyttar sekundærbusstaden meir, og kan jobbe frå den inn mot kontorlokaliteten. Dette kan ha tyding for BAS regionane (bu- og arbeids- og servicemarknad regionar) , kanskje særskilt for dei meir spreidd bygde delane av fylket.

Kva skal vi gjere?

- Fastsetje ein heilskapleg og samordna regionsenterstruktur som grunnlag for framtidig utvikling. Strukturen skal ta omsyn til at det er ulike føresetnader for utvikling i fylket, og peike ut effektive verkemiddel. Senterstrukturen vil i stor grad bygge på gjeldande struktur.

2.2 Utbyggingsmønster og arealbruk



Fylkestinget har vedteke at det skal utarbeidast ein regional plan for arealbruk, så det er ikkje eit hovudtema i dette planarbeidet. I dette planarbeidet skal vi sjå på korleis utbyggingsmønster, arealbruk og transportsystem heng saman og må samordnast for å oppnå effektive løysingar. Vi skal saman med kommunane finne verktøy for oppfølging av Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging. Vi skal og utforske korleis transport- og utbyggingsbehovet kan avgrensast, og at det vert lagt til rette for klima- og miljøvennlege utbyggings- og transportformer. Klimaomstilling og utvikling mot lågutsleppssamfunnet er gjennomgåande tema som skal vere premissgjevande for utviklinga i Vestland. Nedbygging og fragmentering av natur må reduserast og omsynet til naturmangfold og jordvern skal vektleggast i alle plan- og avgjerdss prosessar. Nasjonale mål for jordvern er forsterka.

Utbygging i form av fortetting, transformasjon, ombruk og sambruk av areal, bygg og transportsystem, er verkemiddel for å oppnå målsettingar om meir kollektiv transport, gåing og sykkel. Dette igjen bygger opp under mål om redusert bilbruk, redusert utslepp av klimagassar, meir effektiv arealutnytting, unngå tap av naturmangfold og trygge og robuste samfunn. Arealbruk og -gjenbruk versus biomangfold og arealknappheit i høve utbyggingsmønster er fokusområde i planarbeidet. Kva det betyr av moglegheiter og utfordringar og korleis vi riggar strukturar og fokusområde vil vi drøfte i planarbeidet.

Sentrum er den mest sentrale delen av byen eller tettstaden. Sentrum er eit avgrensa område med ein konsentrasjon av arbeidsplassar, handel, tilbod, tenester og bustader som ligg i gangavstand frå kvarandre .

Kva skal vi gjere?

- Vi skal formulere prinsipp for arealbruk, slik som «innanfrå og ut» utbygging og fortette i allereie bygde område før vi bygger ned nye og mindre sentrale område. Vi skal og formulere prinsipp for sentrumsutstrekning.
- Finne verktøy for god samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Vurdere differensierte retningslinjer og prinsipp for utbyggingsmønster i ulike deler av fylket.
- Sjå på korleis avgrense negative effektar av arealkrevjande utbygging.

2.3 Lokalisering av arbeidsplassar, tenester og tilbod



Kvar ein lokaliserer ulike funksjonar og tilbod påverkar både transportbehov, klimautslepp, tilgang og næringsutvikling. Mangfold i arbeidsplassar, bustadar, kultur-, vare-, service- og tenestetilbod gir robustheit og attraktivitet. Rett aktivitet på rett stad er eit grunnleggande prinsipp for lokalisering.

Publikums- og arbeidsplassintensive tilbod bør ligge sentralt. Sjølv i mindre stadar med avgrensa tilbod vil det vere føremålstenleg å samlokalisera for å skapa synergimogleheter, meir liv, eit «sentrumsmiljø» og mogelegheiter for å gå og sykle mellom dei. Mykje tyder på at attraktivitet og opplevingar vert stadig viktigare å satse på i stadutviklinga.

Utviklinga kan bli påverka av ei sterkare 'grøn bølge', auka digitalisering, erfaringar frå pandemien og nye arbeids- og reisevanar. Dette kan gje nye mogelegheiter for å motverke urbaniseringa og trekke kompetansearbeidskraft til mindre sentrale delar av fylket.

I Vestland har mange av innbyggjarane lang reisetid til arbeid og tilbod. Digitale løysingar kan vere med på å oppretthalde tilfredsstillande tenestetilbod i heile fylket. Det kan òg bidra til mogelegheiter for å jobbe i distriktet (heimekontor) inn mot meir sentralt lokaliserte hovudkontor. Dette kan bety nye føresetnader og mogelegheiter for regionane og regionsentera i Vestland. Når vi snakkar om balansert utvikling og vekst kan IKT spele ei viktig rolle, føresett at vi legg til rette for det.

Kva skal vi gjere?

- Sjå på kvar og korleis funksjonar og tenester bør lokalisera for å vere tilgjengelege og stø opp under miljøvenleg transportformer.
- Vurdere korleis fylkeskommunen bør koordinere sine innsatsområde for å stø opp om utvikling av regionsentera og omlandet.
- Vurdere prinsipp og retningslinjer for lokalisering av knutepunktsfunksjonar for kollektivtransport.
- Avklare eventuelt planføresegn, retningslinjer eller prinsipp for lokalisering av handel, og eventuelt andre publikumsretta funksjonar og tenester.

2.4 Kvalitet av omgjevnader



Arkitektur og formgjeving er viktige verkemiddel for å nå berekraftsmåla klimamåla, støtte opp under folkehelseutvikling, og bidra positivt til økonomiske utviklingsmål. Planlegging er det viktigaste verktøyet. Estetisk utforming av omgjevnadene er løfta fram i plan og bygningslova sin føremålsparagraf, i tillegg til omsynet til barn og unges oppvekstvilkår, universell utforming og kvalitetar ved bustader. Regionale og kommunale planar skal setje mål for den fysiske utviklinga.

Kvalitet i bygde omgjevnader handlar om korleis fysiske forhold støtter opp under og bidreg til at vi nå mål for samfunnsutviklinga. Omgjevnadene vi bur, arbeidar og ferdast i har mykje å sei for livskvalitet. Det gjeld både sentrumsområde, nabolag, kultur- og naturområde og ferdsselsårer. Kvalitet har og betydning for om vi klarer å trekke til oss investeringar, arbeidskraft og tilreisande. Vi har eit fantastisk utgangspunkt i vestlandsnaturen. Når vi bygger nytt eller bygger om, stort eller lite, må vi spele på lag med landskapet og med lokale kvalitetar og tradisjonar.

Fokus på arkitektur og formgjeving i planlegginga kan bidra til å løyse berekraftsutfordringane. Det kan handle om å styrke stadtilhøyrsla og samhald, gjennom målretta satsing på gode møteplassar og kvalitet i offentlege utsystem og bygg. Det handlar om å spele på lag med identitetsberarar i natur- og kulturarven, for å sikre felles verdiar. Det handlar om sikre natur- og kulturmiljø i og utanfor bebygd areal, slik at vi byggar opp under det biologiske mangfaldet, tar vare på verdifull landbruksjord og samstundes legg til rette for rekreasjon og friluftsliv. Det handlar til slutt om energieffektivisering, sirkulerøkonomi og miljøvennlig materialbruk. Kvalitet i bygde omgjevnader er eit tverrfagleg tema som grip inn i alle sektorar og forvaltningsnivå sine arbeidsområde og arbeidsmåtar. For at vi skal lukkast, må kvalitet i bygde omgjevnader forankrast i alle nivå i planhierarkiet, frå regional- til kommunal plan og til byggesak. Den regionale planen skal gje føringer for korleis stat, fylke og kommunar skal arbeide med temaet.

Kva skal vi gjere?

- Gje rammer for korleis vi skal arbeide med kvalitet i fysiske omgjevnader i planlegginga i Vestland.
- Synleggjere arkitektur og formgjeving som reiskap for berekraftig samfunnsutvikling.
- Styrke grunnlaget for vurdering av arkitektur og estetikk i plan og byggesak.
- Peike på verkemiddel og innsatsområde.
- Legge eit grunnlag samarbeid og partnarskap.

2.5 Bustadpolitikk



Tilgang på nok og tenlege bustadar er vesentleg for samfunnsutviklinga, og for å nå måla om ei balansert utvikling og berekraftige lokalsamfunn i heile fylket. Bustadkvalitet står og sentralt i folkehelsearbeidet. Planlegginga har betydning for bustadtilbodet. Gjennom å løfte fram bustadpolitikk som innsatsområde i regional plan, bidreg vi til styrka kunnskap, kompetanse, samarbeid og partnarskap for å møte framtidas behov. Bustadpolitikken er i særleg grad eit innsatsområde som avhenger av privat og offentleg samarbeid.

Arealplanlegginga står sentralt i utvikling av bustadtilbodet. Arealreserve gjennom plan, lokalisering, kvalitet på nærmiljøet og variasjon i bu-tilbodet er viktige plantema for kommunane. Planlegginga kan bidra til å sikre bu- og nærmiljø med funksjonelle og inkluderande utsigter og møteplassar, der alle føler tryggheit og tilhørsfellesskap. Mangfaldet i befolkninga og eit stigande tal einebuarar, medfører behov for variasjon i buformer, bustadtypar, -storleik og -pris. Det er store variasjonar i kor godt den marknadsbaserte bustadutviklinga løyser bustadbehova i fylket. I sentrale strøk er det eit balanseforhold mellom etterspurnad og tilbod. Det er likevel ei utfordring at bustadtilbodet er ekskluderande på grunn av høg pris, og medverkar til å forsterke ulikskap. Det er også ei utfordring å kombinere fortetting med kvalitet. I dei minst sentrale delane av fylket er det dårleg balanse mellom byggekostnad og etterspørsel, samt at bustadpreferansane ofte er einebustad. Den regionale planen skal gje retning til bustadpolitikken og styrke samarbeidet mellom aktørar.

Kva skal vi gjere?

- Gje rammer for korleis vi skal arbeide med bustadpolitikk i planlegginga i vestland.
- Kartlegge det marknadsstyrtne bustadsegmentet, og kva den offentlege bustadpolitikken skal vere framover.
- Sjå nærmare på korleis kommunar kan stimulere til auka bustadbygging tilpassa behov, varierte bustadtypar, -storleik og -pris.
- Sjå på samarbeidsformer mellom aktørar som kommune, næringsliv og Husbanken.

2.6 Barn og unge – trivsel og tilhøyrsel



Barn og unges oppvekstår og moglegheit for medverknad er løfta fram som særleg viktige omsyn i planlova. Barn og unge sin trivsel og tilhørsle har koplingar til dei fleste av offentleg sektor sine tenester og ansvarsområde. Som innsatsområde krev det eit sterkt brukarfokus som skjer gjennom ulike sektorar og forvaltningsnivå, og med samordning og samarbeid som viktigaste verkemiddel. Samfunns- og arealplanlegginga er ein viktig arena for å gripe fatt i utfordringar og moglegheiter. Tematikken heng saman med alle andre tema i senterplanen, og særleg kvalitet i bygde omgjevnader og bustadpolitikk. Ved å løfte dette som innsatsområde i regional plan skal vi bidra til å løfte medvitet om viktigheita av heilskap og samanheng når det gjeld dette særlege omsynet.

Det er ei utfordring for regionen at unge flyttar frå heimplassen til større stader, kanskje utan å kjenne til arbeidsmarknaden og moglegheitene i lokalmiljøet. Gjennom samspel mellom skule og arbeidsliv frå barnehage til høgare utdanning, kan ein kanskje dempe noko av flyttinga og styrke folketal og tilgang på kompetanse og arbeidskraft også utanfor sentrale strøk. Barn og unge som veks opp eller flyttar til urbane område kan ha andre utfordringar, ofte knytt til dårleg bustad, utanforskaps, og uthyggelse. Det er behov for å styrke den lokale tilhøyrsla til ungdom, å auke trivsel og deltaking i lokalsamfunnet. Satsing på ungdomskultur og tilgang til utdanning og bustad er viktig.

Graden av trivsel i nærmiljøet er lågast blant ungdom. Rapportert einsemd er størst i denne gruppa. Jentene rapporterer om aukande psykiske utfordringar. Fråfallet i idretten og andre kulturaktivitetar er aukande i ungdomstida, og unge har låg valdeltaking. Det er viktig at kommunar satsar på barn og unge, både gjennom planlegging og prioritering av tiltak for trivsel og deltaking.

Det trengs eit breitt tilbod, både på skulen og i fritida, møteplassar og god mobilitet. Dei minst aktive er den viktigaste målgruppa. For hybelbuarar er det ekstra viktig å at det vert tilrettelagt for deltaking i lokalmiljøet der dei går på skule. I tillegg til spesialiserte område og friluftsliv skal planlegginga bidra til at sentrum og offentlege rom i sentrum, kollektivhaldeplassar og grøntområde er trygge og aktivitetsfremmende stadar å opphalde seg for barn og unge.

Planlegginga kan sikre at barn og unge vert eit gjennomgåande og prioritert tema i planlegginga.

Kva skal vi gjere?

- Gje rammer for korleis vi skal arbeide med å sikre omsynet til barn og unge sin oppvekst og medverknad gjennom planlegging i Vestland.
- Styrke kunnskapen om lokale utfordringar og moglegheiter knytt til barn og unge sin oppvekst.
- Legge eit grunnlag for samarbeid og partnarskap.
- Peike på verkemiddel og innsatsområde.
- Styrke grunnlaget for vurdering av omsynet til barn og unge i plan og byggesak.

3. Planstruktur

3.1 Kunnskapsgrunnlag og utviklingstrekk

I samband med planarbeidet skal det utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget skal kort omtale status og vise utviklingstrekk innan prioriterte plantema, og danne grunnlaget for det vidare arbeidet. Kunnskapsgrunnlaget vert gjort tilgjengeleg på Vestland fylkeskommune si heimeside og kan oppdaterast når ny kunnskap kjem til. Dette gir også moglegheit til å samanstille kunnskap over tid og sjå utviklinga framover. Det vert først prioritert fylkesdekkande kunnskap, men der dette kan brytast ned på kommune eller regionsnivå vil det bli gjort. På denne måten vil dette kunne vere eit grunnlag for kommunane ved utarbeiding av kommunale planar.

Det er gjennomført ei evaluering av gjeldande plan og strategi i kommunane. Inkludert i dette arbeidet er og kartlegging av forventningar til ny plan, struktur og innhald. Kartleggingane er nytta i arbeidet med planprogram. Det er gjennomført ei digital spørjeundersøking blant tilsette i alle avdelingar i fylkeskommunen, med spørsmål om erfaringar med gjeldande planverk og forventningar til ny plan. I tillegg er det halde samhandlingsmøte med interne avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen, med medverknadsråde og med statlege etatar. Tema for samhandlingsmøta var også erfaringar med gjeldande, og forventningar til ny regional plan. Dette grunnlaget er også inkludert i utarbeidninga av planprogram. Det er vidare gjort ei kartlegging i avdelingane i fylkeskommunen av planar, strategiar og handlingsplanar med grensesnitt til denne planen. Dette for å sikre samordning mellom planverktøy i ulike sektorar i fylkeskommunen.

Det vil bli utarbeidd eit utfordringsnotat som skal få fram kva utviklingstrender som påverkar oss framover og som kan gje utfordringar og mogleheter. Notatet skal gi eit fagleg grunnlag for å drøfte regional senterstruktur, korleis få til balansert utvikling i heile fylket og kva eit regionsenter bør innehalde av tilbod og «plikter» for omlandet. Notatet skal vurdere om ulike delar av fylket sine styrker og utfordringar gir grunnlag for ein differensiert regionsenterstruktur og lokaliseringspolitikk i Vestland fylke.

3.2 Målstruktur

Det vil bli utarbeidd eit hovudmål som skal gjelde for heile planen. For kvart plantema vil det bli utarbeidd overordna temamål, med tilhøyrande strategiar. Måla skal bygge opp under dei overordna måla i Utviklingsplanen.

3.3 Strategisk handlingsprogram

I spørjeundersøkinga til kommunane kom det fram ønske om samskapingsarenaer, metodar og prosessar for å tilegne seg erfaringar, kunnskap og diskutere løysingar på utvikling av stadar av ulik storleik, og med ulike føresetnader og utfordringar

Kunnskap, metodar, eksempel, og andre verktøy for utvikling av små og store senter i fylket vert tema i handlingsprogrammet. Vi vil vidareutvikle eksisterande verktøy som t.d. handelsanalyse, stadaanalyse, og sjå på nye som t.d. sentrumsrekneskap, webinar for deling av kunnskap og erfaringar, m.m. Det er

eit mål at desse verktøya og kunnskapen skal utviklast og oppdaterast fortløpende og gjerast tilgjengeleg for kommunane på føremålstenleg vis, fortrinnsvis digitalt.

Handlingsprogrammet vil vere eit viktig verktøy for gjennomføring av planen, og føreset plassering av ansvar, god kopling til økonomiplanarbeidet og tett oppfølging.

3.4 Handlingsprogram og kopling til økonomiplan

Alle regionale planar skal etter lova ha eit handlingsprogram som gir ein heilskapleg ramme for korleis planen skal gjennomførast. Eit handlingsprogram kan innehalde strategiske satsingar og tiltak som både fylkeskommunen og eksterne aktørar har ansvar for.

For å kunne vurdere måloppnåing er det ønskeleg med gode måtar å måle utviklinga på over tid. Her vil det vere aktuelt å byggje vidare på indikatorar nytta i oppfølging av utviklingsplanen.

Handlingsprogrammet vil innehalde ein overordna og strategisk del, nemnt under pkt. 3.3., som gjer greie for prioriterte innsatsområde, og i dette må det bli utvikla prinsipp for prioritering av tiltak. I prioriteringa av tiltak må ein vurdere både kostnad og nytte, og eventuelle effektar på andre samfunnsområde. Basert på dette skal handlingsprogrammet også ha ein konkret tiltaksdel som vil bli lagt til grunn for årlege budsjettprosessar. Ein skal årleg vurdere behovet for revisjon av handlingsprogrammet, ut ifrå vurderingar av måloppnåing, effekt av og erfaringar med tiltaka.

4. Medverknad

Det er naudsynt å jobbe godt med medverknad både internt og eksternt. Arrangementa og aktiviteten vil bli tilpassa ulike grupper i høve ulike føresetnader for reell medverknad. Planprosessen skal inkludere arenaer og metodar for samskaping mellom ulike aktørar som ønskjer og bør involverast i arbeidet.

Detaljert skildring av planlagt aktivitet vert publisert på planen si nettside, i kalender, og sosiale medium. Særskilde grupper vil få invitasjon. Kven som vert invitert særskilt vil bli avgjort med bakgrunn i interessentanalyser som vert gjennomført som del av prosessen.

Fylkeskommunen har ansvar for legge til rette for ein god medverknadsprosess. Medverknad i planlegging (Pbl. § 5-1) er viktig for å sikre forankring, oppnå ei felles forståing for kunnskapsgrunnlaget og utfordringane på breiast mogeleg måte, samt at ein i fellesskap kan einast om både utfordringane og løysingane. Ein regional plan for berekraftige regionsenter og levande lokalsamfunn vil krevje ein brei medverknadsprosess, som sikrar at flest mogeleg har høve til å komme med innspel, og at desse vert vurdert og eventuelt innarbeidd i planen.

Dei vi spesielt ynskjer å invitere i arbeidet er

Kommunane er planmynde og avgjerande for å setje tiltak ut i live. Ein regional plan, samt planprosessen, vil kunne vere nyttig for kommunar som også utarbeider kommunale samfunns- og arealplanar. Deira deltaking vil auke lokal forankring og legge til rette for lokal innsats, samt sikre lokal tilpassing av tiltak. Dette kan vi mellom anna gjere gjennom å styrke og vidareføre etablerte nettverket mellom fylkeskommunen og kommunar som utarbeidar kommunale planar.

Næringslivet sit på mange av løysingane og verktøya, og har ei viktig rolle i å utvikla lokalsamfunna våre. I involveringa av born og unge ynskjer vi å spesielt invitere elevar på kommunale- og vidaregåandeskular, samt høgskular og universitet til å delta.

- Kommunar
- Eldrerådet
 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Ungdomsrådet
 - Regionråd
 - Offentlege myndigheter og organ
 - Forsking,- høgskule og universitetsmiljø i fylket
 - Veg- og mobilitetsaktørar
 - Næringslivet
 - Kulturorganisasjonar og -institusjonar
 - Frivillighet, lag og organisasjonar
 - Landbruksorganisasjonar
 - Born og unge
 - Etablerte partnarskap og nettverk
 - Innbyggjarane
 - Grunneigarar med interesser i sentrumsområde
 - Sårbare grupper

Dei fylkeskommunale råda er informert om at planarbeidet har starta opp, gjennom eiga orienteringssak.

Fylkesutvalet som prosessorgan for planarbeidet har også drøfta og gjort avklaringar knytt til planbestillinga frå Utviklingsplanen Politisk sak (PS) 32/2022. Innspela og ordskiftet gav politiske styringssignal i arbeidet vidare.

Vi vil prioritere både intern og ekstern medverknad og samarbeid i ulike fasar av planprosessen.

Vi vil informere om framdrift og kvar vi er i planprosessen gjennom [nettsida til planen](#), der vil vi også publisere ulike arrangement. I tillegg vil vi sende ut invitasjonar, og invitere gjennom annonser i sosiale medium. Dette for at det skal komme tydeleg fram når vi inviterer til medverknad, kven vi ynskjer deltek, og kva vi ynskjer innspel på.

Av aktivitetar vi ser for oss å gjennomføre er

- Fysiske og digitale workshops
- Temabaserte webinar
- Innspelsmøte/dialogmøte med regionråda, og kommunar som ikkje er med i regionråd
- Innspelsmøte/dialogmøte med næringslivet
- Digitale spørjeundersøkingar og digitale innspel
- Regionalt planforum
- Opplegg særskilt retta mot born og unge

5. Framdriftsplan

Etter vedtak av planprogram (PP) startar arbeidet med sjølve planutforminga. Denne delen inkluderer utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, medverknads- og samskapingsprosessar, samt utarbeiding av høyringsutkastet til planen. Høyringsperioden vil så langt som råd bli tilpassa regional og kommunale møtekalendrar. Fylkestinget skal etter planen vedta planen i mars 2024.

* Framdriftsplanen vert endra innafor vedtatt endra ramme for planarbeidet, jf. vedtak i FU 19.10.22.
Oppdatert framdriftsplan vert annonser på sida til planen så snart den er klar.

MAR 22	APR 22	MAI 22	JUN 22
<ul style="list-style-type: none"> FU 9. mars: oppstart Orientering i dei tre råda Kunnskaps innhenting Samhandlings møte med interne avd. og eksterne etatar 	<ul style="list-style-type: none"> Arbeid med skisse til planprosess PP Konkurransegrunnlag Evaluering av eksisterande planar sluttføring 	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeide PP Medverknad Skrivefrist Utkast til PP 31. mai 	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeide PP Medverknad I FU til drøfting og utlegging 21. juni Høyring PP frå slutten av juni
JUL 22 Sommar-ferie	AUG 22	SEP 22	OKT 22
	<ul style="list-style-type: none"> Arbeid med innkomne merknader Planforum (ev. anna intern prosess på utkast til PP) 	<ul style="list-style-type: none"> Høyring PP (til ca. 10/09) Merknadsnotat Innarbeiding av merknader i PP 	<ul style="list-style-type: none"> Merknadsnotat Innarbeiding av merknader i PP Vedtak PP 18/10 (skrive frist 27/09)
NOV 22	DES 22	JAN 23	FEB 23
<ul style="list-style-type: none"> Utgreiingar og Kunnskapsgrunnlag Utarb. Plan og handlingsprogram Medverknad Prosess i FU og dei politiske råda 	<ul style="list-style-type: none"> Utgreiingar og Kunnskapsgrunnlag Utarb. Plan og handlingsprogram Medverknad 	<ul style="list-style-type: none"> Utgreiingar og Kunnskapsgrunnlag Utarb. Plan og handlingsprogram Medverknad 	<ul style="list-style-type: none"> Alternativ vurderingar Utarb. Plan og handlingsprogram Medverknad
MAR 23	APR 23	MAI 23	JUN 23
<ul style="list-style-type: none"> Høyring og off. ettersyn (frå tidleg i mars) 	Høyring og off. ettersyn (frå tidleg i april)	<ul style="list-style-type: none"> Merknadsnotat Arbeid med plan og handlingsprogram 	<ul style="list-style-type: none"> Vedtak av plan og handlingsprogram (skrivefrist ca. 01/06) Orientering om vedtak <p>PLAN FOR OPPFØLGING!</p>

6. Organisering av planprosessen

Vi vil skape samarbeidsarenaer både på politisk og administrativt nivå, for å sikre at den ferdige planen underveis i prosessen har blitt godt kjent, godt forankra og klar for å bli sett ut i live. Fylkesdirektøren vil arbeide vidare med etablering av samarbeids- og arbeidsgruppene, slik at dei er etablerte og klar til å starte arbeidet etter vedtak av planprogrammet. Eventuelle justeringar basert på høyringsinnspel vil bli gjennomført. Organisering av det vidare planarbeidet har vi skissert slik:

Grupper og organ	
Vedtaksorgan	Fylkestinget (FT)
Politisk styringsgruppe og prosessorgan (vedtaksmynde på planprogrammet)	Fylkesutvalet (FU)
Prosjektansvarleg/prosekteigar	Fylkesdirektør
Prosjektleiar	Seksjonsleiar
Intern forankring	FRM toppleiargruppe
Regional samarbeidsgruppe (ekstern referansegruppe)	Statsforvaltaren i Vestland, Statens Vegvesen, KS, forskings- og kompetansemiljø
Interne referansegrupper	Fagavdelingar i fylkeskommunen, nettverk for regional plan, nettverk for stadutvikling
Plansekretariat	Koordinerande og gjennomførande faggruppe
Arbeidsgrupper	Grupper med ansvar for ulike plantema

Det vert føreslått å etablere ei ekstern administrativ referansegruppe for planarbeidet. Denne vil fungere som diskusjons- og forankringsgruppe, og som ressurs i utarbeiding av planen. I tillegg vert eksisterande arenaer for samhandling på tvers av fagområde i fylkeskommunen nytta som referansegrupper. Arbeidsgrupper med ansvar for ulike plantema vert oppretta etter vedtak av planprogrammet.

Etter vedtak av planen vil desse gruppene kunne vidareførast som samarbeidsorgan for oppfølging av planen, og vere arenaer for arbeidet i regionen og oppfølging av vedtekne mål og tiltak.

7. Utgreiingsbehov

7.1 Konsekvensutgreiing

Alle regionale planar skal etter lova (§4-2) skildre planen sine verknader. Planar som gir rammer for framtidig utbygging utløyer krav om ei ekstra grundig skildring, ei konsekvensutgreiing. I vidare planarbeid vil ulike verkemiddel og bruk av føringar vere tema som må avklara, særskilt knytt til utbyggingsmønster og arealbruk. Ved direkte føringar for konkrete arealtiltak vil det utløse krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing. Uansett skal planen gjere greie for verknader for miljø og samfunn. Dette betyr at verknadene for dei andre måla i Utviklingsplanen må gjerast greie for, slik at ein har grunnlag for å vurdere den heilskaplege berekrafta i planen, og eventuelle målkonfliktar med Utviklingsplanen. Ein skal vurdere verknader for næringsliv og arbeidsplassar, offentleg økonomi og innbyggjarar, klimagassutslepp, klimatilpassing, naturmangfald, jordvern, transportmengd, og sosiale forhold. Planen vil vurdere ulike alternativ, verktøy og verkemiddelpakkar som grunnlag for strategiske avgjerder og planutforming.

7.2 Eksisterande kunnskap og utgreiingsbehov

Under syner vi kort noko av det aktuelle kunnskapsgrunnlaget for det vidare arbeidet, og førebelse identifiserte behov for utlysing av utgreiinger i planarbeidet. Dette er ikkje ei uttømmande liste, og vil vidareutviklast vidare.

Eksisterande kunnskapsgrunnlag	Førebelse identifiserte utgreiingsbehov
<ul style="list-style-type: none">○ Kunnskapsgrunnlag og utfordringsnotat til Utviklingsplan for Vestland○ Evaluering i kommunane av gjeldande planar i dei to tidlegare fylka, inkludert ønske og forventningar til ny plan○ Samhandlingsmøte med representantar frå interne seksjonar og avdelingar, og eksterne (Statsforvaltaren og Statens vegvesen) – erfaringar med gjeldande planar og forventningar til ny plan○ Intern spørjeundersøking i fylkeskommunen sine avdelingar knytt til	<ul style="list-style-type: none">○ Samanfatte data og gi ei analyse av ulike problemstillingar og moglegheiter knytt til senterstruktur. Vurdering av utfordringsbilete, sjå til kva som var lagt til grunn i gjeldande planar. Kva er framleis relevant, kor er det behov for revisjon. Kva generelle utviklingstrendar er det som påverkar oss framover og som kan gje utfordringar og moglegheiter. Vurdering av differensiert innsatspolitikk○ Utviklingstrekk i utbyggingsmønster

<p>gjeldande planar og forventningar til ny plan</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Oversikt over planar, strategiar, temaplanar i andre avdelingar i FK med grensesnitt til denne planen ○ TØI sitt bygdepakkeprosjekt har sett på infrastruktur og mobilitet i tettstadar, og moglege løysingar som dette planarbeidet vil sjå nærmare på. ○ Rapport: Ung medverknad i Vestland ○ Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022 ○ Ung Data 2021 	<ul style="list-style-type: none"> ○ Born og unge, korleis stimulere til trivsel og tilhørsle. Kva møteplassar fungerer, kva verkemiddel trengs ○ Bustad – kartlegge bustadmarknaden i regionane og regionsentera. Kva verkemiddel har vi for å styre bustadpolitikken i Vestland ○ Oversikt over kollektivruter og dagens passasjertal
---	--

8. Rammer for planarbeidet

8.1 Nasjonalt

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Det er framheva fire fokusområde i dei nasjonale forventningane:

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
 - a. FNs berekraftmål som grunnlag for regional og kommunal planlegging
 - b. Tydeleg retning for samfunnsutviklinga
 - c. Effektive og kunnskapsbaserte planprosesser
 - d. God gjennomføring av arealplanar
 - e. Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
 - a. Næringsutvikling gir grunnlag for velferd
 - b. Eit samfunn med låge utslepp, som er trygt og tilpassa klimaendringane
 - c. Aktiv forvaltning av natur- og kulturmiljøverdiar

- d. Ressursbasert næringsutvikling**
 - 3. Berekraftig areal- og transportutvikling**
 - a. Styrkt knutepunktsutvikling**
 - b. Meir vekt på regionale løysingar**
 - 4. Byar og tettstader der det er godt å bu og leve**
 - a. Opne og inkluderande**
 - b. Trygge og helsefremjande**
 - c. Kvalitet i dei fysiske omgivnadene våre**
 - d. Levande sentrumsområde**

Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging.

Føremålet med planretningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transport planlegginga og bidra til meir effektive planprosessar. Retningslinjene skal bidra til eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjarar for å sikre god stads- og byutvikling.

Mål med planretningslinja

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstadar, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremja helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremja utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer. Jamfør klimaforliket er det eit mål at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Planlegginga skal legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i område med press på bustadmarknaden, med vekt på gode regionale løysingar på tvers av kommunegrensene.

Strategi for småbyer og større tettsteder som regionale kraftsentre

Målet med denne strategien er å bidra til å styrke norske småbyar og større tettstader som kraftsentre for sine regionar, og for å sikre regional balanse. Attraktive og utviklingskraftige småbyar som samhandlar godt med sitt omland er ein distriktpolitisk styrke.

Strategien er i hovudsak retta mot byar og større tettstader som kan styrke sin funksjon som regionale kraftsentre. Den rettar seg mot tettstader med berre nokre få tusen innbyggjarar og mot små og mellomstore byar. Dei har til felles at dei har funksjonar som har betydning for distriktsområda rundt, og har eit potensial for å spele ei større rolle i sin region.

Utover dei nasjonale føringane vi har løfta fram her er det fleire retningslinjer og føringar innafor relevante område som er relevante for planarbeidet. Dette er m.a. knytt til klima og miljø, sosiale forhold, barn og unge m.v.

- [Nasjonal transportplan 2022-2033](#): Det overordna og langsiktige målet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem. Planen peiker m.a. på at trivelege, tilgjengelege og trygge småbyar med levande sentrum og godt bymiljø, er viktig for innbyggjarar og næringsliv i heile regionen og for rekruttering av arbeidskraft.
- [Meld. st. 20 \(2020-2021\) Nasjonal transportplan](#) – Kap. 9: Barnas transportplan

- Nasjonal jordvernstrategi 12: Denne vart oppdatert i 2021 med eit enda meir ambisiøst jordvernmål. Det nye målet er at årleg omdisponering av dyrka jord skal vere redusert til 3000 dekar innan 2025.
- [Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#)
- [N-100 veg- og gateutforming](#)

8.2 Regionalt

Vestland fylkeskommune har to gjeldande planar på området; ein for det geografiske området Hordaland og ein for Sogn og Fjordane. I Hordaland inkluderer planen regional planføresegn for lokalisering av handel, medan for Sogn og Fjordane er Handelsføresegn med retningslinjer frikopla frå tettstadstrategien (men kopla til regional plan for arealbruk frå 2002). Desse planane skal no erstattast med ein ny felles regional plan for berekraftig senterstruktur og levande lokalsamfunn for Vestland.


8.2.1 Kopling til andre regionale planar.

Utarbeiding av denne planen skjer samstundes som det vert utarbeida andre regionale planar, strategiar og temaplanar, og desse prosessane har alle som mål å følgje opp Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Planarbeidet skal søkja tett dialog, samarbeid og samhandling mellom planprosessane og planverktøya som vil vere viktig for å lukkast i fellesskap i Vestland.

Tilgrensande regionale planar er:

- Regional plan for klima (vedtak 2022)
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (vedtak 2021)
- Regional transportplan, med tilhøyrande strategiar (vedtak juni 2022)
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, 2017-2028
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv (planprogram vedtatt 2021, vedtak av plan 2022)
- Regional plan for vassforvaltning Vestland (vedtak 2021)
- Regional plan for fornybar energi (vedtak 2023)
- Regional plan for kompetanse

Arbeidet med utgreiing om framtidig hovudstruktur for linjenettet for kollektivtransporten i Vestland er starta opp, og det er oppretta samarbeid mellom dei to planarbeida.



vestlandfylke.no